

# Å kjenne sin neste

Då far hans døydde, sat han att med ei form for skuldkjensle. Å stille spørsmål og skrive vart terapien.

Midt i livet med tre ungar, arbeid i utlandet og krøll på heimebane, døydde far til Jan M. Fongen. Att sat sonen og måtte erkjenne at han slett ikkje hadde kjent far sin noko særleg godt. Og samvitet gnog om at han skulle vore der for far sin. Spesielt på slutten.

– Far døydde medan eg var i London, fortel Fongen på hytta i Hemsedal.


#### Skriveterapi

Me får servert etiopisk kaffi kokt på snøvatn frå Fagerset. Den vakre stølsgrenda i Hemsedal. Her har svingerfamilien til Fongen leigd ei idyllisk stølsbu i over 50 år.

– Det var liksom medgifta dette, smiler han. Her i fjellandskapet fann Fongen ro til å skrive og korrigerare på manus til boka Aldebaran. Boka han starta skrive etter at hans MS-sjuka far døydde i 2002. Å skrive vart terapi. Å reise i fars fotspor og stille spørsmål vart verktøyet Fongen nytta.

– Eg hadde ikkje sorgkjensle, men skuldkjensle, fortel han.

Jan Martin Fongen er utdanna cand.



**Aldebaran:** Jan M. Fongen begynte å skrive boka «Aldebaran» etter han mista far sin. Store seg att i: Kven var far min egentleg? Og kva kunne eg gjort for å betre forholdet vårt medan

mag. med litteraturvitenskap og nordisk språk og litteratur, men har dei siste 25 åra jobba med bedriftsleiing, marknadsføring og internasjonalt sal. Ikkje så rart kanskje, at han tydde til pennen då kjenslene måtte ut.

– Eg har alltid tenkt at eg skulle skrive bok. Men eg hadde ingen historie å fortelje. Før no, seier han.

Karsten Alnæs var læraren hans på gymnaset. Alnæs var også den fyrste til å lese manuset til Aldebaran og oppfordra Fongen til å jobbe vidare med prosjektet.

#### Cafèroman

Skriveprosjektet starta hausten 2003. I Istanbul. Men det var ikkje før i 2005 at Fongen leverte manus til Juritzen forlag.

– Juritzen meinte eg måtte jobbe meir med boka, fortel Fongen. Han kom i kontakt med Norsk litteraturskole, noko som skulle syne seg å bli fruktbart. Handlinga i boka hadde no vokse ut av dei personlege rammene kring Jan M. Fongen og far hans.

Hausten 2006 flytta Fongen inn på Fagerset eit par veker for å få historia skikkeleg på plass. Utan bil, utan straum og heilt aleine.

– Eg skreiv for hand og sykla ned til

Hemsedal Cafè for å få straum til pc-en og reinskrive manus, smiler han. Men manuset vart refusert av Juritzen, og Fongen la heile prosjektet på is.

Tilfeldigheiter gjorde at manuset vart grave fram att. Under eit bloggarmøte i Fredrikstad der litteraturbloggarane hadde samla seg, røpte Fongen for ein forleggjar at han hadde eit manus liggjande.

– Det var over ein øl om kvelden, ler Fongen. Manuset vart teke fram att. Og godkjent av Hobo forlag i Fredrikstad.

Boka handlar om Kristian Gilder som trur han har drepe far sin, Bo. Kristian følgjer fars historie frå barndom til alderdom, på leit etter eit svar.

#### Aldebaran

– Stjernehimmelen er eit godt bilete på avstand, seier Fongen. Tittelen «Aldebaran» er teke frå den mest lyssterke stjerna i stjernebiletet Tyren. På grunn av plasseringa er den og kalla «Tyrens auge». På arabisk tyder namnet «Følgesvenn».

– Alt fall på plass. Det vart heilt klart at boka skulle heite Aldebaran, fortel Fongen.

Han peikar på at er mykje likskap til hans eige liv i boka.



delar av boka har han skrive på hytta i Hemsedal. Temaet er noko som mange kan kjenne han levde? Døden symboliserer det totale fråværet. Og me sit att med spørsmåla.

– Det skal vel litt til å ikkje dikte inn noko om eige liv. Men hugs, Kristian er ikkje meg, smiler han. Han starta å skrive boka som noko personleg. Noko heilt frå hjartet. Så distanserte han seg og let romanskapningane leve meir egne liv.

– Slik håpar eg og å nå ut til fleire, legg han til. Dei fleste kan kjenne seg att i det å miste nokon. I ettertid å ønske seg at ting var annleis. At forholdet mellom far og son var annleis. Det å søke i fortida for å finne viktige svar. Og behovet for å finne desse svara som ligg der og knugar. Eller i alle fall behovet for å leite etter dei.

#### Dei beste pengane

Fongen er i full jobb i eit internasjonalt firma. Skrivninga har vore rein hobby.

– Likevel var sjekken eg fekk etter at dei fyrste hundre bøkene var selt, dei pengane eg har sett mest pris på i heile mitt liv, smiler han. Aldebaran har no vokse seg utover bokpermen. På [www.facebook.com](http://www.facebook.com) har Aldebaran fått 400 medlemmer.

– Kva hadde far din sagt om boka trur du?

– Eg har skrive ei bok eg kan stå for. Og lagt ned mykje kjærleik til min eigen far her, fortel forfattaren.

Og metoden han har nytta fungerte. Både skrivninga og søken etter svar på spørsmåla han hadde. Han har lært sin far betre å kjenne – etter at faren er død.

– Eg har mellom anna nytta tid med mor mi og fått vite mykje om livet deira – også før eg kom inn i biletet, fortel han. Fongen har drive research både i Moss og Bodø. Oppsøkt slekt og venner.

– Prosessen med å skrive vart vel så morosam og lærerik som det å gi ut boka, seier han. Fongen anbefalar andre å nytte tida med sine nærmaste godt.

– Få dei til å fortelje om barndommen. Om sitt liv. Når dei er borte, er det for seint. Ein må stille spørsmåla – for å få svar, seier han.

– Har du lagt skuldskjensla bak deg?

– Det har hjulpet veldig. Men det finst sjølvsagt ting her eg aldri blir ferdig med.

LINE SANDVIK  
ls@hallingdolen.no



## ETTERKRIGSTID

Sverre Søgner fortel i denne spalta historier frå si tid som sjømann og anleggsarbeidar i tidlege etterkrigsår.

### Bjørn Hansen og eg

Eg var ferdig med militærtjenesta og drog heim til Sogn. No var eg fri og frank, og verda låg open.

Pengar var det ikkje stort av, men heilt snau var eg ikkje. Eg drog til Oslo for å søkja hyre. Ein sjømann eg kjende rådde meg til å søkja hyre der. I Bergen var det så mykje lasaronbåtar som trong folk, og det var liten stas å hamna om bord i ein slik ein.

Jau, eg var heldig og fekk hyre som secondkokk på ein Herlufsenbåt som gjekk i linjefart på USA og Nord-Europa. Det var av dei grommaste linjene ein kunne vera i, bortsett frå at Nord-Atlanteren ikkje alltid var å spøkja med, for å seia det mildt. Mannskapet var greie. Vi var både nordmenn, tyskarar, danskar og eit par brune kreolar, og fire stilige damer i messe og salong med heimstavn i Norge. Alle offiserane var norske.

Stuerten var sørlending og krigsseglar. Gift i England og ein dyktig og real sjef. 1. kokken var tsjekkar og hadde arbeidd mykje på restaurantar i Oslo, og snakka bra norsk. 2. kokken var meg. Eg baka kaker og brød, hadde ansvaret for frukost og hadde elles med alt av matlaging å gjera. Messeguten var tyskar med bakgrunn frå Hitler-jugend. Bysseguten var frå Hamburg. Son av ein krigsseglar, men alt av slekt, unna-teke ei søster, strauk med under bombinga av Hamburg.

Messen og Byssen krangla ofte, og høglydt. Messen var kry av si fortid i Hitlerjugend, medan byssen hata Hitler og alt han hadde stelt til av elendigheit for det tyske folk. Prøyssarar og Bayern-karar har vanlegvis ikkje godt auge til kvarandre, og slik var det her og. Men kokken sa lite. Han hadde vore soldat i Karpatane i den tyske armeen. Ein gang eg skjenkte meg eit vassglas, sa han: – En gang under krigen gav jeg en diamantring for et slikt glass vatn. Elles nemnde han aldri krigen, og vi kom godt overeins.

Det var fleire av skipsfolka som spela trekkspel, og i godværet sat vi ofte på dekket og spelte. Til og med kapteinen hadde trekkspel og spelte litt av og til. Ein flink sjømann og triveleg sjef var han, men ikkje nokon stor muskar.

Men der var ein lettmatros frå Østfold som var muskar og vokalist av fag. Han og eg sat mykje og spela saman i frivaktene. Det lèt verkeleg bra om eg så skal seia det sjølv. Bjørn hadde to onklar som var profesjonelle musikarar. Dei var mykje rundt i landet på turne.

Bjørn skreiv til dei og fortalde at han hadde råka på eit fenomen på banjo og mandolin, og om dei hadde plass for oss på neste turne.

Jau, svaret kom at til neste år ville dei prøva oss.

Så gjorde Bjørn og eg ein avtale. Han ville mønstra av og få seg matrosjobb på ein annan båt. Hyra for matros var ein bra mole større enn for lettmatros. Men i april neste år skulle vi møtast i Norge og prøva oss som profesjonelle.

Me heldt kontakten, men så kom det ikkje fleire brev

Men ein dag på sjømannskyrkja i Hamburg, då eg sat med norske aviser, las eg at matros Bjørn Hansen «var funnet omkommet i havnebassenget i Antwerpen».

Det var eit hardt slag for meg; av dei tyngste. Eg la bort alle tankar om musikarkarriere og lèt lagnaden råde, og arbeidde snart her og snart der, men optimisme og pågangsmot vart aldri som før.

SVERRE SØGNER